

landet. Og Signhild som sjølv har valt å *ikkje* vere med, enda ho ville det nok, om ho fekk mor med.

Men det kan ikkje mor, mor vil ikkje med – ikkje på telttur, og ikkje til det nye landet. Der landet er berre for far. Og for Signhild, kanskje? Seinare?

Ho veit ikkje. Ho veit ikkje kva som skal skje der ho prøver å gå tilbake i spora, enno synlege ei stund.

Ho set *sine* føter i hans spor, ho langar ut. Og derfor kjem ho heilt opp til vindauget før ho oppdagar henne som står inne i stova.

Mor i berre nartkjolen i skinet frå juletrelys! Heilt usynleg, trur ho sikkert sjølv. Men Signhild ser henne bak lekstjer og korger. Lekstjerne – som far og Signhild har laga for lenge sidan. Korgene – som mor og ho har fylt med sjokoladar, stjernerpeparmynter og strukkete korintar, søtate enn marsipan.

Signhild smyg seg til sides, står i mørkret og ser på henne som står der og ventar. Mor ventar og passar på, så Signhild sjølv kan ta den tid ho treng til å tenkje på alt som skal skje.

Til sommaren, tenkjer Signhild og slepper seg ned i det kalde, mjuke. Alt er så kvitt! Alt er så nytt og stilt under himmelen som sprekk opp i stjerner – små, tindrande soler.

Kvar kveld må han be om tilgiving. Men først kjem mora inn og breier på han, kvar kveld.

Så vender ho seg til Karl, hos han set ho seg ned. Enda det ikkje er *han* som er minst, det er ikkje *han* som er veslebror. Karl er storebror, og likevel er det han mor deira set seg ned hos.

– God natt, Karl, kviskrar ho og klemmer og stryk han.

– God natt, vesle røver.

Da smiler Karl, for er det noko han liker, så er det å vere røver. Han smiler og vifar med armane som er altfor lange, også etter at han har lagt seg. Han smiler og veiver mot mora så ho må gripe hendene hans som er like store som hennar. Ho fører dei mot kvarandre, faldar dei inne i sine.

– Kjære Gud eg har det godt, takk for alt som eg

har fått, du er god, du . . . , ber ho med Karl sine hender  
klemde til ro mellom sine eigne.

Kvar gong ho kjem til *god*, stansar ho litt før ho  
skjeltv seg vidare i kveldsbønna.

Karl merkar det. Han ventar på det, for han smiler  
straks mora begynner å skjeltve. Og stansar ho litt for  
lenge, hiv han hovudet bakover og ler. Han ler og ler.  
Mens mora gjer som ho ikkje hører det.

Men – ho hører det! For resten av bønna roper ho  
ut, for å overvinne latteren til Karl.

– . . . kjære Gud, gå aldri frå meg!

Enda ein gong breier ho dyna kring Karl, og stryk  
han over leppene for å få han til å slutte å flire.

Først når han er heilt stille, reiser ho seg.

– Vekk meg, er du snill, om han blir uroleg, sukker  
ho ut i mørkret, mot den andre senga, Veslebror si.

Så går ho.

Og det er først *da* det er tid for Veslebror si bønn.

Kvar kveld, ut i mørkret, stille så ikkje Karl skal høre  
det, stille så han ikkje får le.

Endeleg kan Veslebror få sove.

Men urpå natta vaknar han. Av skarpe, farlege lydar.  
Vindaugsllydar! Han rykkjer seg ut av søvnen, tvingar  
seg til å sjå i mørkret.

Karl er kommen ut av sengal! Han står framfor  
vindaugret med dei store, sterke hendene sine. Han virr  
på haspene, han rykkjer i bandet som mor deira har  
sett på, virr og slit og vringjer. Så hardt har ho knytt at  
ho ikkje sjølv får det opp.

Men Karl, han greier det! Han rykkjer bandet av,  
slit der i filler. Og flirer.

På ein, to, tre er Veslebror ute av senga, hovudet er  
framleis fullt av draumar, men han har sett og hørt det  
som mor hans er reddare for enn noko anna, så han  
spring alt han kan mot soveromsdøra hennar, spring så  
bønna hans ikkje skal gå i oppfylling.

– Mamma, du må komme, roper han mens han hiv  
opp døra. – Karl er vakna, han vil opne vindaugret, han  
vil ut på taket igjen!

Mora kastar dyna av seg.

Inn til Karl!

Inn til Karl!

Ho roper ikkje, for ho veit at det får Karl til å skun-  
de seg enda meir. Nei, ho roper ikkje, ho styrtrar lyd-  
laust gjennom gangen og grip Karl akkurat idet han  
skal stige ut av vindaugret, ut på taket.

– Vesle røvar, kviskrar ho og klemmer han inntil  
seg, – du skulle jo sove i senga di.

– Måne, roper Karl og kastar det runde hovudet

sitt bakover i eit veldig smil mot den svarte himmel-  
en, – måne!

Mora trekker han inn i rommet, stryk han over  
hovudet som virrar hit og dit.

– Himmel, flirer Karl og dunkar på mora sin rygg  
med store, knytte hender, – himmeli!

Mora fører Karl tilbake til senga.

Veslebror stengjer vindauget. Bandet kan han ikkje  
knytte, det er heilt traspå. Mor hans må finne eit nytt,  
tykkare denne gongen. Rundt og rundt haspene virrar  
ho det, mens ho ser ut i den svarte natta. Det er ingen  
måne der! Berre svarte tak, tak etter tak utfor kvist-  
vindauget. Ho skjelv igjen no, der kan Veslebror kjenne  
der han står ved sida av henne, ho skjelv og skjelv.

– Eg skal passe på han, eg skal komme med ein gong,  
seier Veslebror og fører handa så vidt bort på den glatte  
olbogen hennar. Ingen har slik mor som han! Han skulle  
like å ligge inntil henne. Birte litt. Om kvelden. Men  
mora vil ikkje ha han opp i senga. «I senga,» seier ho, «må  
eg i alle fall få vere meg sjølv. Og dessutan må du jo passe  
på Karl!» Så Veslebror gjer det, heile natta, heile tida.  
Berre av og til når han ligg vaken og ikkje får sove av Karl  
sine lydar, prøver han å gå på do for å sjå om det hjelper.  
Og det er da – mens han er ute i gangen – han kan høre  
lydane frå mor sitt rom, frå senga der ho er seg sjølv.

Men no er mor altså her. Ho har sett seg opp i senga  
til Karl. Ho held han inntil seg, stryk han over håret,  
voggar han, ysi, ysi, ysi, for å få han til å slutte å flire.

Veslebror må snu seg bort. Han ønskjer så veldig å  
bli halden slik. Ååå – han må gøyne seg, krype langt  
innunder dyna!

– Klart det, svarer han der inne frå mørket når mora  
endeleg reiser seg og seier at han må vere så snill å komme  
inn og vausle henne så snart Karl blir uroleg igjen.

Karl blir ikkje uroleg, han sovnar, han. Det er Vesle-  
bror som ikkje får sove. Han må tisse, og stansar utfor  
soveromsdøra til mora.

Jo, der er dei igjen, hikstal! Kor kjem dei frå? Frå  
store, mørke hol? Kan ei mor som er så god og varm  
ha store, svarte hol inni seg? Det passar ikkje, synest  
Veslebror, han blir redd av det, han trur han aldri meir  
skal våge å sove, aldri.

Men – han sovnar. Like før der blir lys, langt innunder  
dyna. Og derfor hører han ikkje dei farlege lydane og  
den lure latteren til Karl.

Eller gjer han?

Han prøver å hugse det. Etterpå – når han står med  
mora nede på gata, prøver han å komme på det.

Hørte han ikkje lyden av vindauget som gjekk opp?  
Hørte han ikkje at Karl lo? undrast Veslebror der nede på det mørke forrauet mellom husa.

For det er akkurat som han ser Karl stige ut av vindauget, ser storebror sin balanserte bortover det spisse taket. Dei lange armane heng rett ned. Karl strekkjer dei ikkje ut, han er ikkje redd. Han går og går. Him-melen er rundt han på alle kantar, så tett, så nær. Trygt spaserer han bortover tak etter tak. Tak etter tak, han blir mindre og mindre, heilt liten, heilt stille.

– Veslebror, hørte du det ikkje? hører han mora kvisk-re der ho sit og krøkjer seg over Karl som ligg på den våte, svarte asfalten, – hørte du ikkje at Karl var kom-men bort til vindauget?

Han som er veslebror og skulle passe på, ristar på hovudet til svar.

Og da – endeleg – tek ho han inn til seg, inn i natt-kjolen som er så tynn, så tynn, inn i all skjelvninga si.

– Nei, hukstar han inn mot henne – alt var så stille, heilt stille.

Det kjem folk til.

Også dei er stille. Dei spør ikkje, dei berre ser. Ser den store broren som ligg der som ein fugl med vengene ut, lange armar ut til sida. Ut av øyret silar det blod. Men han kjenner det ikkje, han har ikkje vondt.

Han ligg heilt roleg og smiler når mora stryk han over leppene, faldar hendene hans i sine og held dei fast.

Etterpå er det tid for Veslebrores bønn, nesten lyd-laus, som eit hikst berre, frå det store, svarte han har inni seg.